



EM KRAFTVERK VEST AS
Dalstunet 15
6963 DALE I SUNNFJORD

Vår dato:

31.10.2023

Vår ref:

2023/14202

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Vidar Vassenden, 57 64 30 64

Konsesjon for overføring av rettar ved Hornafjellsvatnet - Modalen - EM Kraftverk Vest AS

Vedtak

I medhald av konsesjonslova § 3 første ledd, jf. § 2 første ledd, og i tråd med gjeldande delegasjonsreglement, gir landbruksdirektøren EM Kraftverk Vest AS konsesjon til leige av vass- og fallrettar på gnr. 76, bnr. 1-8 og 10 i Modalen kommune.

Konsesjonen gjeld for utbygging av Eikemo kraftverk. Den varar i 60 år frå og med oppstart av kraftverket.

Bakgrunn

BKK Produksjon AS fekk 19.12.2011 konsesjon til bygging av Eikemo kraftverk. BKK Produksjon AS har i ettertid bytta namn til Eviny Fornybar AS. Småkraft AS gjorde seinare avtale med Eviny Fornybar om leige av vassrettane i Hornafjellsvatnet og fallrettane i Setesteinelvi og Skred-bekken i 60 år. Småkraft AS fekk konsesjon for erverv/leige av fallrettar og regulering av Hornafjellsvatnet ved vedtak av 08.07.2022.

Dei rettane Småkraft AS leigde av Eviny Fornybar AS er ved erklæring dagsett 07.06.2023 transportert til EM Kraftverk AS. I og med at rettane er overført frå eit selskap til eit anna, må den nye rettshavaren søkje om konsesjon.

Frå 07.07.2023 er det statsforvaltaren som har mynde til å avgjere saker som gjeld konsesjon til selskap med avgrensa ansvar, jf. FOR-2003-12-08-1479 § 3 nr. 6. Kommunen oversendte difor søknaden hit den 15.09.2023.

Det er søkt om både konsesjon etter konsesjonslova og deling etter jordlova. Mynde til å avgjere delingssaka ligg til kommunen.

Ut over dette viser vi til Modalen kommune sitt vedtak av 08.07.2022, og til anna dokumentasjon som følgjer kommunen si oversending av saka til oss.



Om regelverket

Etter lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova) § 2 kan ein, med dei unntak som følgjer av lova, ikkje erverve eigedom utan konsesjon. Unntak er gitt i §§ 4 og 5 samt i forskrift FOR-2003-12-08-1434.

Konsesjonslova § 3 fastset at reglane om konsesjon og gjeld «overdragelse av leierett eller annen lignende bruksrett over fast eiendom».

Viss føremålet med ervervet ikkje er landbruk, skal søknaden vurderast først og fremst etter momenta i konsesjonslova sin føremålsparagraf § 1.

Med verknad frå 07.07.2023 er det statsforvaltaren som har mynde til å avgjere saker som gjeld konsesjon til selskap med avgrensa ansvar, jf. FOR-2003-12-08-1479 § 3 nr. 6.

Våre merknader

Ervervet fell ikkje inn under unntaka i lov eller forskrift, og er dermed konsesjonspliktig.

Det er her tale om overføring av rettar som er omfatta av konsesjonslova § 3. Føremålet med ervervet er her ikkje landbruk. Søknaden skal då vurderast først og fremst etter momenta i konsesjonslova § 1.

Konsesjonslova har til formål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet. Av omsyn som kan trekkast inn i vurderinga nemner lova framtidige generasjonar sitt behov, landbruksnæringa, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturinteresser og friluftsinteresser samt omsynet til busettinga. I rundskriv M-1/2021 er det sagt at «Loven er et redskap som bygger opp om samfunnspolitiske mål. Bestemmelsen gir en vid ramme for hvilke hensyn som kan trekkes inn.» Vidare står det at omgrepene «mest gagnlig» ikkje gjer at ein er tvungen til å velje den beste løysinga. Ein må velje mellom dei faktiske mogelegheitene ein har. Samfunnsomsyna er det sentrale i vurderinga.

Avgjerda skal skje etter ei individuell og konkret vurdering. Ingen har krav på konsesjon, men konsesjon må gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

I vedtak om konsesjon datert 08.07.2022 har Modalen kommune vurdert søknaden med grunnlag i konsesjonslova § 1. Vi refererer kommunen si vurdering:

Samfunnet har vesentleg behov for elektrisk kraft, i dag og for framtida. I dette høvet representerer utbygginga ny tilgang på fornybar vasskraft.

Areaala som vert berørt ligg i fjellområdet mellom Modalen og Vaksdal og vurderinga er at planlagt regulering og bruk av fallrettane, med tilhøyrande grunn og anlegg, ikkje går vesentleg ut over landbruket. Ulempene ervervet kan medføre, vert ikkje vurdert å vere så store at konsesjon ikkje kan gjevast.

Grunneigarane har gjort avtale med Eviny om kraftutbygging, og er kompensert for ervervet/leigeavtalane (eingongssum). Det skal betalast erstatning til grunneigarane, i tillegg til dekking av kostnader til utsetjing av fisk, rehabilitering av stølar m.m. Rådmannen ser ikkje særlige argument mot dette, og vurderinga er at forholdet i tilstrekkeleg grad tek høgde for lova sine omsyn til landbruksnæringa. Eviny har no leigd bort rettane til Småkraft AS, for gjennomføring.



Omsynet til miljøet, ålmenne naturverninteresser og friluftsinteresser vart vurdert ved NVE si handsaming av konsesjonssøknaden, mellom anna i «Detaljplan for landskap og miljø», der Statsforvaltaren i Vestland og Vaksdal kommune gav uttale. Omsyna vert difor vurdert å vere tilstrekkeleg omtalt, og det vert ikkje gjort nærmere vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 - 12.

Omsynet til busetjing vert vurdert å ha liten tyding i saka, og vert ikkje omtalt nærmere.»

Det er dei same rettane Modalen kommune ga konsesjon for, som i sin heilskap blir overført frå Småkraft AS til EM Kraftverk Vest AS. Så langt vi kan sjå har det ikkje skjedd endringar eller kome til nye opplysningar som skulle gi grunnlag for å gjere ei anna vurdering enn den kommunen gjorde i 2022.

Konklusjon

I medhald av konsesjonslova § 3 første ledd, jf. § 2 første ledd, og i tråd med gjeldande delegasjonsreglement, gir landbruksdirektøren EM Kraftverk Vest AS konsesjon til leige av vass- og fallrettar på gnr. 76, bnr. 1-8 og 10 i Modalen kommune.

Konsesjonen gjeld for utbygging av Eikemo kraftverk. Den varar i 60 år frå og med oppstart av kraftverket.

Klage

Vedtaket i saka her kan klagast på til Landbruksdirektoratet. Klagefristen er 3 veker frå melding om dette vedtaket kom fram. Klagan kan stilast til Landbruksdirektoratet, men den skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Vidar Vassenden
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Modalen kommune

Postboks 44

5729

MODALEN